



Sakshandsamar: Gard Lindseth

Referansar: MKR 31/08, MKR/AU 18/08, KR 36/08, MKR 50/08, KR 48/08

Vedlegg:

KM 9.1.1/08 Tal og fakta om kristen emigrasjon frå utvalde land i Midtausten

KM 9.1.2/08 "Ropet fra Amman". Ein resolusjon utarbeida ved Kirkenes verdensråds internasjonale fredskonferanse "Churches together for Peace and Justice in the Middle East" Amman, Jordan, 18.-20. juni 2007

Følgjande dokument vert sendt til komité F:

Bernhard Sabella (2004) "Palestinian and Arab Christians: The Challenges Ahead" Notat presentert på *The Sami Hadawi Memorial Lecture. Al Multaqa Al Fikri Al 'Arabi*, Amman, Hashemite Kingdom of Jordan, september 22nd 2004

Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar

Samandrag

Denne saka handlar om situasjonen for kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar for dei. Sakspapiret gir først i kapittel 2 ein kort omtale av historia og utviklinga av kyrkjene i Midtausten, inkludert ein presentasjon av dei ulike kyrkjesamfunna som ein finn i Midtausten i dag. I kapittel 3 vert den aktuelle situasjonen for dei kristne som lever der i dag omtalt. I kapittel 4 vert det særskilte ansvaret vi som kyrkje i Noreg har for dei i den situasjonen dei no lever i diskutert, med eit særleg fokus på situasjonen i Det heilage landet. Kapittel 5 omtalar det arbeidet som norske kyrkjer og kyrkjelege organisasjonar gjer i Midtausten. Avslutningsvis vert det i kapittel 6 presentert framlegg til prioriteringar for det vidare arbeidet for kyrkjene i Midtausten sett frå Den norske kyrkja si side.

I prosessen med å skrive denne saka har sekretariatet motteke innspel frå fleire kyrkjelege organisasjonar og einskildpersonar med god kjennskap til dei spørsmåla denne saka reiser. Dette er gjort for å sikre at viktige moment ikkje er utegløymt i dokumentet, og fordi ein vil at mange skal kjenne att sitt engasjement i det dokumentet som kjem til Kyrkjemøtet.

Vedtak frå Mellomkyrkjeleg råd

1. Mellomkyrkjeleg råd ber Kyrkjerådet fremje saka ”Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar” for Kyrkjemøtet, med den saksutgreiinga som er utarbeidd.
2. Mellomkyrkjeleg råd rår Kyrkjemøtet til å gjere følgjande vedtak:
 1. Kyrkjemøtet 2008 vil understreke det ansvaret vi som kyrkje har for våre kristne brør og systrer i Midtausten. Dette byggjer på det Kyrkjemøtet har høyrt, lest og drøfta om den situasjonen kyrkjene i Midtausten står i, særleg kyrkjene i Israel og Dei palestinske områda.
 2. Kyrkjemøtet ser at innsatsen for kyrkjene Den norske kyrkja samarbeider mest med, er verdifull. Den må halde fram og gjerne intensiverast.
 3. Kyrkjemøtet vil be norske styresmakter fortsette å arbeide for levevilkåra for dei kristne minoritetane i Midtausten.
 4. Kyrkjemøtet ber om at dei prioriterte arbeidsfelta som er foreslått, vert fylgt opp, og at ein særleg legg vekt på følgjande:

.....

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet 2008 vil understreke det ansvaret vi som kyrkje har for våre kristne brør og systrer i Midtausten. Dette byggjer på det Kyrkjemøtet har høyrt, lest og drøfta om den situasjonen kyrkjene i Midtausten står i, særleg kyrkjene i Israel og Dei palestinske områda.
2. Kyrkjemøtet ser at innsatsen for kyrkjene Den norske kyrkja samarbeider mest med, er verdifull. Den må halde fram og gjerne intensiverast.
3. Kyrkjemøtet vil be norske styresmakter fortsette å arbeide for levevilkåra for dei kristne minoritetane i Midtausten.
4. Kyrkjemøtet ber om at dei prioriterte arbeidsfelta som er foreslått, vert fylgt opp, og at ein særleg legg vekt på følgjande:

.....

Saksorientering

1. Innleiing

Kristendomen oppstod i Midtausten hjå det jødiske folket. Kyrkjene i Midtausten har ei spesiell rolle i og for den verdsvide kyrkja. Sidan apostlane si tid har dei kristne der forkjent evangeliet og gjeve dette vidare til andre. I dag forvaltar dei heilage stader og er levande steinar som vitnar om evangeliet om Jesus Kristus i sitt nærmiljø og for heile verda.

Denne saka handlar om situasjonen for kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar for dei som kyrkje. Dei kristne sin situasjon og deira bodskap til oss vert presentert, og årsaker til deira situasjon i dag vert drøfta. Omgrepet "Midtausten" oppsto i Europa, og er nå vanleg språkbruk i internasjonal samanheng. Samstundes er det inga semje om kor mange nasjonar som utgjer denne regionen. I denne saka vil vi med "Midtausten" primært meine Israel, Dei palestinske områda, Egypt, Jordan, Libanon, Syria og Irak. Det vert lagt særleg vekt på situasjonen i Israel og i Dei palestinske områda.

Kyrkjerådet fremjar denne saka for Kyrkjemøtet fordi mange er svært bekymra for kyrkjene i Midtausten. Det skuldast særleg at mange kyrkjer opplever at medlemmene kjenner seg tvungne til å emigrere, og at dei unge ikkje ser noko framtid i å vere der dei er. Dette heng i stor grad saman med politiske og økonomiske forhold i dei aktuelle landa. Dei kristne utgjer ei spesiell kulturell og religiøs gruppering, og fleire stader er kyrkjene som fellesskap i ferd med å kollapse fordi det er så få igjen der. Dei kristne ber oss om å tenkje på dei, be for dei og vise solidaritet med dei. Desse problema er særleg akutte i Israel og i Dei palestinske områda (Vestbreidda, Gaza og Aust-Jerusalem). Men det gjeld også andre delar av regionen.

Dei kristne i Midtausten er ikkje ei einsarta gruppe, og det er ulike utfordringar for dei kristne i dei ulike landa. Likevel gjev det meining å sjå på dei kristne under eitt, som våre sysken i trua i Midtausten. Vi høyrer saman som Kristi kropp i verda. Når ein lem lir, lir vi alle med. På vegne av heile den verdsvide økumeniske fellesskapen vitnar dei kristne der på ein særleg måte om evangeliet sitt opphav og innhald. Når dei samlast på dei heilage stadene i tilbeding og bøn, vert dei eit særleg teikn på kontinuiteten i kyrkja sitt liv.

Uansett kvar kyrkja er, har ho ansvar for å vitne om Guds kjærleik i Jesus Kristus til alle menneske og til alle folkeslag. Det er vesentleg å halde fast på det grunnleggjande menneskeverdet for alle i Midtausten, særleg når den politiske eller militære konflikten dominerer biletet og ein lett vert verande i stereotypiar i møte med arabarar og israelarar, jødar og muslimar og andre folkegrupper og nasjonalitetar. Som kyrkje har vi eit ansvar for å halde fram det etiske ansvaret som ligg på dei som har ansvar for den politiske utviklinga i Midtausten, på den internasjonale arenaen og i Noreg. Kyrkjene har vore og er viktige leverandørar for etiske premissar i forhold til dei politiske val som vert gjort med tanke på Midtausten. Difor må Den norske kyrkja, som del av Jesu Kristi kyrkje, gje

eit vitnemål som er sanninga tru i kjærleik, og som fremjar rettferd og fred. Det gjeld ikkje minst i vårt forhold til dei involverte i Israel/Palestina-konflikten.

Med den aukande kristne emigrasjonen frå regionen, forsterka av den kjennsgjerninga at kristne også er blant flyktningar og internt fordrivne, er det eit spørsmål som vi med ei aukande uro må stille: Har dei kristne ei framtid i Midtausten? Ved å respondere på deira sut og peike på korleis vi som kyrkje kan støtte dei, vonar vi at vi kan vere med på å bidra til at dei kristne har ei framtid i regionen. Når Mellomkyrkjeleg råd har teke initiativ for å få denne saka opp for Kyrkjemøtet, vonar ein også at det vil gjere at fleire kristne i Noreg vert klar over dei kristne i Midtausten sin situasjon og at dei vil få ein større kjærleik til folka som lever der. Gjennom dette kan ein også få betre innsyn i ein vanskeleg situasjon for mange folk og ulike grupper av menneske. Vår omsorg som kyrkje må gjelde alle menneske i denne regionen, dei har alle det same menneskeverd og rett på eit liv med rettferd og fred.

2. Kven er dei kristne i Midtausten?

2.1 Kort om historia¹

Kjennskap til kyrkjehistoria i Midtausten er meir enn kjennskap til fortida. Denne historia gjer seg gjeldande på mange måtar også i dagens situasjon og utfordringar. Det er ei historie som lever vidare den dag i dag. Dei hendingane, diskusjonane og kampane som dei kristne i tidlegare tider opplevde, ligg framleis i medvitnet til mange kristne i Midtausten. Spørsmål som førte til strid og kyrkjesplitting i oldkyrkja, finn vi spor av i kyrkjestrukturen i dag, samstundes som dei ulike kyrkjene nå lever i eit annleis og meir ope fellesskap med kvarandre.

Det er særleg kyrkjemøtet i Kalkedon i 451 som er bakteppet for å forstå korleis kyrkjestrukturen i Midtausten utvikla seg, og er i dag. På dette kyrkjemøtet vart oldkyrkja splitta i synet på Kristi natur og korleis ein skulle sjå på forholdet mellom det guddommelege og menneskelege i Kristus. Det vart vedteke ei fråsegn om at Kristi natur både var guddommeleg og menneskeleg, som "ein person i to naturar". Fråsegna vart støtta av den bysantinske kyrkja, som seinare vart kalla gresk-ortodoks eller austleg ortodoks. Denne linja vart den rådande innanfor store delar av kristendommen, og er i dag støtta av katolikkar og protestantar. Dei som kom i mindretal i Kalkedon og var imot denne forståinga, vart kalla monofysittar. Dei meinte at Kristus berre hadde ein natur, den guddommelege, som hadde oppslukt eller forvandla Jesu menneskelege natur. Dei som først og fremst var imot fråsegna, var fleirtalet av syriske og egyptiske kristne. Dei held fast på det monofysisittiske standpunktet og danne eigne kyrkjer, som vart den syrisk-ortodokse kyrkja og den koptisk-ortodokse kyrkja. Den armenske kyrkja tok også dette standpunktet, og disse tre kyrkjene utgjer i dag hovudsakleg det ein reknar som orientalsk-ortodokse kyrkjer.

¹ Kapittelet byggjer på Egil Fossum (2003) *Hos de kristne i Midtøsten. Fra Alexandria til Aleppo*. Oslo: Emilia

Det var ei splitta og svekka kyrkje som på 600-talet opplevde at heile det indre Middelhavsområdet, inkludert dei tre ikkje-kalkedonske (monofysittiske) patriarkata i Jerusalem, Antiochia og Alexandria, kom under arabisk-islamsk herredømme. Dei to kalkedonske patriarkata Roma og Konstantinopel vart liggjande utanfor det islamske herredømmet. Islam forsterka såleis skiljet som var skapt mellom dei kalkedonske og dei ikkje-kalkedonske retningane.

Medinakonstitusjonen frå 622 garanterte religiøs fridom for kristne og jødar i det islamske området. Profeten Muhammed betrakta ”bokreligionane” kristendom og jødedom som nær beslekta med islam. Mot at dei aksepterte at islam hadde makta og at dei betalte ein ekstra skatt, vart dei beskytta. Dei vart ein del av ”fredens hus”, ikkje ”krigens hus”, og ein kunne difor ikkje føre krig mot dei. Medan muslimane var underlagt *sharia*, islamsk lov som bygde på Koranen, fekk dei religiøse minoritetane sine eigne lover som vart handheva av deira religiøse leiarar. Dei kristne og dei jødiske samfunna fikk såleis eit slags juridisk ”indre sjølvstyre”.

Til tross for at dei kristne si religionsutøving i stor grad vart respektert, vart kyrkjene i områda under islamsk herredømme utsette for eit vesentleg sosialt og økonomisk trykk. Dei som var utanfor dette området, knytta til patriarkata i Roma og Konstantinopel, hadde ei anna utvikling med ekspansjon, mellom anna nordover og vestover i Europa. Seinare utvikla det seg eit anna skisma, då patriarken i Konstantinopel i 1054 nekta å akseptere paven i Roma som ein overordna autoritet. Dette fekk store konsekvensar for kyrkja i det austromerske eller bysantinske keisardømet. Som følgje av korstoga sine herjingar samt nye åtak på den austromerske grensa, fall også austkyrkja under islam og det osmanske riket. I 1453 erobra sultan Mehmet II Konstantinopel og gjorde med dette slutt på det bysantinske riket. Etter nærmare eit millenium med islamsk herredømme var talet på kristne i Midtausten vesentleg redusert då osmanarane tok makta. Ein reknar med at det var om lag 7% kristne i det området vi her omtalar som Midtausten i år 1500.

Under osmanarane vart det indre sjølvstyret for dei ulike trossamfunna vidareutvikla. Kvar einskild trusretning vart organisert som ein nasjon, ein ”millet”. Dei religiøse leiarane var ansvarlege for innkrevjing av skattar og for gjennomføring av direktiv frå sultanen. Dette systemet viste seg å vere ein effektiv bremse mot omvending til islam: Å skifte religion innebar også å skifte lover og administrative leiarar, kort sagt å skifte samfunn. Milletsystemet bidrog såleis til å stoppe utviklinga med nedgang i talet på kristne i regionen. Utover på 1800-tallet var dei fleste kristne trusretningane organisert i millet, men det kom ikkje til å gjelde dei nye protestantiske kyrkjene som vart etablerte. Etter slutten på det osmanske riket har det på nytt vorte nedgang i talet på kristne i Midtausten.

2.2 Kyrkjene i Midtausten²

Dei austleg-ortodokse kyrkjene

² Det er vanskeleg å finne pålitelige statistikker. Tala i dette kapittelet er henta frå den danske publikasjonen: Mellemkirkeleg Råd (2004) Kirker i Mellemøsten. Årbog 2003-2004

Den austleg-ortodokse tradisjonen omfattar i Midtausten restane av den tidlege bysantinske kyrkja. Dei kallast også kalkedonske kyrkjer, og då siktar det til fråsegna frå det omtala kyrkjemøtet i 451. Teologisk og kyrkjeleg står dei i den ortodokse kyrkja sin hovudtradisjon, som vert kjenneteikna av ei tilslutning til fråsegna frå alle dei sju økumeniske kyrkjemøta frå oldkyrkja, samt ei anerkjenning av patriarken i Konstantinopel som økumenisk patriarch. Dei einskilde ortodokse kyrkjene i Midtausten vert namngjevne etter deira tilknyting til dei tre oldkyrkjelege hovudsentra Jerusalem, Antiokia og Alexandria. Dei ortodokse kyrkjene har om lag 1,5 millionar arabiske medlemmer, men ein reknar med at om lag halvparten av desse lever i utlandet, særleg i USA, Canada og Australia.

Dei orientalsk-ortodokse kyrkjene

Dei orientalsk-ortodokse nasjonalkyrkjene, eller dei ikkje-kalkedonske kyrkjene, er innbyrdes sjølvstendige, men har frå byrjinga anerkjent kvarandre. Dei viktigaste er den koptisk-ortodokse kyrkja, med patriarkatet av Alexandria i Egypt (ca 6 millionar), den syrisk-ortodokse kyrkja, med patriarkatet av Antiokia og heile austen, i Syria (ca. 160.000), og den armensk-apostoliske kyrkja, med katolikata av Etchmiadzin og Antelias (tidlegare Kilikia), som ein finn i Armenia og Libanon.

Den assyriske kyrkja

Denne kyrkja fell litt utanom hovudmønsteret, men vert sett på som ei austleg kyrkje, på grunn av at kyrkja låg aust for Romarriket. Den assyriske kyrkja skriv seg tilbake til kyrkjemøtet i 431 i Efesus, altså tjue år før dei andre orientalske kyrkjene braut ut av oldkyrkja. Den vert ofte omtala som Den assyriske ortodokse kyrkje. Den er ikkje i kommunion (kyrkjefellesskap) med noko anna kyrkje, men tok den nikensk-konstantinopelianske truedkjenninga (Nikenum) som felles trusgrunnlag med andre ortodokse kyrkjer. I Midtausten finn ein dei største gruppene av assyriske kristne i Irak, Syria og Iran.

Dei katolske patriarkata

Dei katolske kyrkjene i Midtausten har austleg liturgi, og skil seg såleis frå den romersk-katolske som har vestleg liturgi. Den eldste katolske kyrkja er den kaldeiske kyrkja (Det katolske patriarkatet av Babylon) frå 1552 med 250.000 medlemmer. Dessutan finst Den syrisk-katolske kyrkje frå 1662 med 75.000 medlemmer, Det armensk-katolske patriarkatet frå det 14. hundreåret med 55.000 medlemmer, Det koptisk-katolske patriarkatet frå 1824 med 100.000 medlemmer, samt det gresk-katolske patriarkatet av Antiokia, Jerusalem og Alexandria frå 1724 med 430.000 medlemmer. Det finst også to kyrkjer som ikkje er vorte til gjennom ein motreformatorisk kyrkjeunion: Den maronittiske kyrkje i Libanon frå det 4. hundreåret med 500.000 medlemmer og Det latinske Patriarkatet av Jerusalem frå 1847 med 300.000 medlemmer.

Dei reformatoriske kyrkjene

Desse kyrkjene består først og fremst av reformerte, anglikanske og lutherske kyrkjesamfunn som er eit resultat av kolonialiseringa og misjonsverksemda særleg frå britisk og tysk side i det 19. og 20. hundreåret. Dei finst i dei fleste landa i Midtausten, men utgjer i tal den minste gruppa, i alt om lag 300.000. Sidan 1950 er leiinga tatt over av lokale arabiske kristne, og dei fleste er anerkjende av dei historiske kyrkjene i Midtausten. Dei har sine eigne lokale biskopar og kyrkjeleiarar som i stor grad er vorte respekterte av sine eigne folk, uavhengig av religiøs tilknyting. Dei er del av større konfesjonelle fellesskap som Det lutherske verds forbundet, The Anglican Communion og World Alliance of Reformed Churches. Gjennom Det lutherske verds forbundet og direkte bilaterale avtalar og engasjement har Den norske kyrkja forplikta seg på samarbeid og å følgje ("accompany") den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL). Samarbeidet mellom dei reformerte og lutherske kyrkjene skjer mellom anna innafor det økumeniske nettverket "Fellowship of the Middle East Evangelical Churches" (FMEEC). (I denne samanhengen vert "Evangelical" forstått i meininga "Protestant"). Dette nettverket vart etablert i 2006³, og dei ser seg sjølve som eit supplement til eldre og breiare økumeniske organisasjonar i Midtausten, så som The Middle East Council of Churches (MECC). FMEEC støtter samarbeid om teologi, kvinnespørsmål, trosopplæring, kyrkjeleg skuleverksemnd og støtte til kyrkjene i Iran og Sudan.

Dei evangelikale og pentekostale samfunna

Frå slutten av 1800-talet, men særleg i nyare tid, har pinsevenngrupper, baptistar og andre evangelikale drive misjonsverksemnd i Midtausten og danna frittståande kyrkjelydar. Nokre stader står dei enno i eit spenningsforhold til dei historiske og dei reformatoriske kyrkjene. Samstundes er dette eit bilete under utvikling. Mange stader i Midtausten er relasjonane mellom dei historiske kyrkjene og dei evangelikale kyrkjene merkbart betre i dag enn for berre nokre tiår sidan. Det er viktig å skilje mellom på den eine sida dei evangelikale, baptistiske og pentekostale gruppene i Midtausten som har vore etablerte over lengre tid, og som ligg tett opp til dei tradisjonane vi kjenner i Noreg, og på den andre sida rørsler som har direkte utspring i ulike evangelikale og til dels kristen-sionistiske miljø i USA i dag. Dei har til dels hatt påverknad på Midtausten-politikken i USA. Desse gruppene har lite kontakt med dei etablerte kyrkjene. Dei er ofte prega sterkt av eit pro-israelsk engasjement, ofte også eit kristen-sionistisk engasjement der dei tolkar gamaltestamentlege lovnader om tilgang til land direkte med tanke på gitte landområde. Dei legg stor vekt på å støtte staten Israel, som eit endetidsteikn på at Gud oppfyller sine lovnader. Det heng gjerne saman med sterkt kritiske synspunkt på islam ut frå ei åndeleg tolking av det somme kallar ein sivilisasjonskonflikt (sjå nedanfor).

Dei messianske jødane

I Israel finns det også grupper av Jesus-truande jødar. Med dei første kristne kyrkjelydane av Jesus-truande jødar som førebilete, søker dei å ivareta og utvikle dei jødiske røtene i kyrkja vidare på sitt vis. Dei er organisert som ei laus rørsle, og har dei seinaste 20 åra

³ The Amman Declaration of Lutheran and Reformed Churches in the Middle East and North Africa

vakse frå rundt 1000 til mellom 4000 og 5000 og frå rundt 30 til 80 kyrkjelydar i heile Israel. Dei har sine eigne trusuttrykk og gudstenesteformer, med eit rikt tilfang av bibelske tradisjonar. I motsetnad til dei kristne i Israel er ikkje dei messianske jødane anerkjente enno som ei eiga religiøs gruppe av dei israelske styresmaktene. Dei kan såleis velje mellom å vere kristne eller jødar, men ikkje messianske jødar. Dei hevdar på si side at det er fullt mogleg å vera jøde og samtidig tru på Jesus. Dei har slite med å bli akseptert både av dei andre kyrkjesamfunna og i det jødiske samfunnet. I det israelske samfunnet vart dei tidlegare omtala som fråfalne og svikrarar, men vert i dag omtala meir positivt og aksepterte i det israelske samfunnet som messianske jødar, slik dei omtalar seg sjølve. Samstundes opplever dei at dei fell utanom dialogar mellom jødar og kristne, og at dei vert oversett av evangelikale grupper som er komne til landet for å uttrykke sin solidaritet med Israel og det jødiske folket. Situasjonen tilspissar seg også i forhold til religiøse maktgrupper som utnyttar den ustabile politiske situasjonen til å diskriminere dei, og til å fremje innskrenkingar i trusfridomen i landet. Det er difor viktig i dag å halde fram at religionsfridomen i Israel også må gjelde for dei messianske jødane.

3. Den aktuelle situasjonen

3.1 Den kristne emigrasjonen frå Midtausten

Ut frå utrekningar gjort under det osmanske riket, utgjorde dei kristne i 1914 heile 24 % av befolkninga i dei områda vi i dag kjenner som Israel, Dei palestinske områda, Egypt, Jordan, Libanon, Syria og Irak. Tala er usikre, men i dag antar vi at ikkje meir enn 5–7 % av befolkninga i desse områda er kristne. Den kristne emigrasjonen frå Midtausten har vore stor dei siste 10-15 åra, og situasjonen er særleg alvorleg i Det heilage landet, der ein kan frykte at kyrkjene vil tømast for lokale kristne. Sidan etableringa av staten Israel har over 300 000 kristne palestinrarar, inkludert flyktningane frå 1947 og 1967, forlate Det heilage landet⁴. I 1948, før den første arabiske-israelske krigen og etableringa av staten Israel, var det 145.000 kristne i Det heilage landet, noko som utgjorde 7,6 % av heile befolkninga. Av desse vart 34.000 kristne att i staten Israel, mens 60 000 vart flyktningar i samband med opprettinga av staten Israel og krigen som fylgde deretter. Medan dei kristne utgjorde meir enn 13 % av befolkninga i Det heilage landet ved slutten av 1800-talet, er dei kristne no altså berre litt over éin prosent av befolkninga i Dei palestinske områda. I Israel utgjer dei kristne 1,7 % av befolkninga.⁵

Den kristne emigrasjonen frå Midtausten starta allereie i siste halvdel av 1800-talet, men den har i særleg grad auka dei siste 20-30 åra. Det har i heile denne perioden vore mykje flytting mellom dei ulike landa i Midtausten. Dei kristne flyttar gjerne ut av regionen,

⁴ I følgje den kristne palestinske sosiologen Bernhard Sabella, er det i dag 165.000 kristne i Det heilage landet. Ut i frå eit statistisk anslag om 2 % årleg befolkningsvekst, så skulle den kristne befolkninga ha dobla seg frå 145.000 i 1947 til 300.000 i 1983 og til over 500.000 i 2008. På denne bakgrunn, slår Sabella fast at tala på palestinske kristne utanfor Det heilage landet og deira etterfølgjarar vart meir enn 300.000. Då ser ein ikkje berre på dei som faktisk flytta, men også deira born og barneborn. Dette er grunnlaget for å seie at den kristne palestinske befolkninga i dag er eit diaspora fellesskap.

⁵ Bernhard Sabella (2004) "Palestinian and Arab Christians: The Challenges Ahead" Notat presentert på *The Sami Hadawi Memorial Lecture. Al Multaqat Al Fikri Al 'Arabi*, Amman, Hashemite Kingdom of Jordan, september 22nd 2004

særleg til Vesten, i staden for til andre land i Midtausten. Årsakene til emigrasjonen er flere, men særleg knytt til at den politiske og sosiale situasjonen i regionen er ustabil og usikker. Til dels så uviss og vanskeleg at den vert opplevd som uuthaldeleg og utan framtidsvon. Mange kjenner at dei må kome seg vekk for å ha eit verdig og meir normalt liv. Her er det variasjonar mellom dei ulike landa, men likevel fleire fellestrek. Kristne grupperingar i Midtausten har vore prega av menneske med god utdanning og ofte mange slags profesjonalitet, difor har dei også relativt sett vore ganske velståande. Dei har kanskje i noko større grad enn muslimar hatt høve til å emigrere. På den andre sida medfører kristen emigrasjon at området vert tappa for mykje kompetanse og ressursar. Det har òg vore vanleg for mange kristne å sende borna sine på europeiske, nord-amerikanske og australske skular, og desse borna har i minkande grad ynskt å reise tilbake til Midtausten. På grunn av ein lang tradisjon for utvandring har dei kristne i dag store internasjonale nettverk og familiære kontaktnett i Vesten å flytte til.

Nokre av dei kristne i Midtausten har større grunn til å forlate heimlandet sitt enn andre.⁶. Mange kristne i Irak flykta allereie etter Golfkrigen. No flyktar både muslimar og kristne i stort tal frå den pågåande krigen, dei fleste til Syria og Jordan. Nokon, men på ingen måte dei fleste, kjem seg vidare til eit tredje land, slik mange av dei ynskjer. I Egypt har den sterke påverknaden frå islamske fundamentalistar gjort at dei koptiske kristne har kome under sterkare press og fått fleire restriksjonar. Til dels vert situasjonen opplevd som svært vanskeleg for ein del kyrkjeleriarar. I Tyrkia vert Den ortodokse kyrkja og Det økumeniske patriarkatet i Konstantinopel (Istanbul) stadig meir pressa med tanke på eigedomane sine og fridomen sin generelt.

Om vi tek for oss dei kristne palestinrarane, så lever dei under dei mange konsekvensane av ein audmykande okkupasjon og politikk i strid med ei rekke FN-vedtak, på same måte som resten av den palestinske befolkninga. Palestinarar i Israel, i Dei palestinske områda og utanfor dei lever framleis under vilkåra som følgde av det dei no markerer som Al-Nakba (katastrofen) i 1948 og frametter. Dei politiske prosessane og militære konfliktane i samband med og i etterkant av etableringa av staten Israel førte til at det i realiteten føregjekk ei etnisk reinsing der palestinrarar ikkje lenger kunne bu i sine eigedomar og landsbyar. Mange bur framleis i palestinske flyktningleiarar i fleire land. Dei som bur i Dei palestinske områda opplever i dag hindringar som skil dei frå menneske dei høyrer saman med, og frå jorda dei eig og dyrkar. Okkupasjonen har også ført til etablering av ulovlege busetnader som krev stor plass. Den israelske politikken vert opplevd som ein utmattingspolitikk. Muren, eller tryggleiksgjerdet, er bygd utanfor dei områda som er internasjonalt anerkjende grenser for Israel, noko også den internasjonale domstolen i Haag har slått fast. I sin rapport frå juli 2007 skriv FN sitt kontor for koordinering av humanitær bistand (OCHA) at 40 % av Vestbreidda er annektert av israelsk infrastruktur, som tryggleiksgjerde/muren, vegar, busetnader og liknande. Denne infrastrukturen hindrar palestinrarane å bevege seg fritt, isolerer befolkninga og begrensar tilgangen til helse, vatn, jordbruksområde og utdanningstenester. Den israelske politikken for å oppnå tryggleik for sine innbyggjarar med muren, har dramatisk negative konsekvensar for vanlege palestinrarar. 90 % av jorda Israel har konfiskert i Betlehemsområdet, tilhøyrer kristne palestinrarar.

⁶ Sjå Vedlegg 1 for ei beskriving av utviklinga i ulike land i Midtausten.

Vidare er tilgangen til de heilage stadene eit omfattande problem, for kristne som for muslimar – i visse tilfelle også for jødane. Det har vore vanskeleg for dei kristne i Jerusalem å få besøke Betlehem i jula, og det er ofte enda meir vanskeleg for dei kristne på Vestbreidda å få innreiseløyve til Jerusalem i påska. For dei kristne på Gaza er det no nesten umogleg å komme seg til Betlehem og Jerusalem. I tillegg til desse problema som okkupasjonen påfører dei, er dei kristne no også i aukande grad bekymra for tendensane til at meir radikale muslimske grupper dominerer i regionen og ynskjer ei sterke islamsisering. Den politiske utviklinga innan Dei palestinske områda har skapt store spenningar, og det er dverre lite tryggleik for innbyggjarane. Alt dette gjer at dei kristne i Dei palestinske områda finn at livsvilkåra totalt sett vert så vanskelege at dei sökjer eit normalt liv i Vesten, og vel å emigrere dersom dei har høve til det.

I tillegg til emigrasjonen er skilnad i fødselstal mellom kristne og muslimar ei vesentleg årsak til at dei kristne stadig utgjer ein mindre del av befolkninga i Midtausten. I alle land i Midtausten har fødselsraten vore høgare hos muslimske enn hos kristne kvinner i det 20. hundreåret.⁷ På tross av noko lågare levealder hos muslimar, fører dette til at den muslimske befolkninga aukar meir enn den kristne. Hovudårsaka til skilnadene i fødselstal har vore velstand og utdanningsnivå. Dei siste 30 åra har det vore ei viss tendens til at skilnadene i fødselsrate jamnar seg ut, men det er framleis slik at muslimske kvinner i Dei palestinske områda føder dobbelt så mange born som kristne kvinner.

3.2 Å vere arabar, men ikkje muslim

Gjennom lange periodar i historia har folk i Midtausten levd fredeleg saman i kvardagen, sjølv om dei har hatt ulike religionar og levesett. Mange kulturelle og språklege fellestrek og sosial omgang har bunde dei saman. Denne sameksistensen har vore til gjensidig glede for folka der, men har til tider også skapt politisk, religiøs og militær konfrontasjon. Dei fleste kristne i regionen er ein del av den arabiske kulturen, og dei legg vekt på at deira identitet er slik og at dei ynskjer å vere det. Dei kristne kyrkjene i Midtausten, og særleg dei historiske kyrkjene, har ei viktig oppgåve i å formidle at kyrkja og kristendomen er ein integrert del av kulturen og historia i Midtausten. Dei har spelt ei viktig rolle i nasjonsdanninga og statsbygginga i fleire av landa i Midtausten. Kristne i Midtausten har ut frå ein tradisjon som går attende til kolonitida og mandattida fått viktige politiske roller, og slik kunna hevde seg gjennom politiske parti. Såleis var dei kristne mellom stiftarane av Baath-partiet, som i lang tid regjerte både i Syria og Irak. Med sine kontaktar i Vesten og med kjennskap til vestleg kultur, vart kristne arabarar ofte plasserte i strategiske posisjonar i regjeringane. Ikkje minst i Dei palestinske områda har kristne vore viktige talspersonar for den palestinske saka og for arabisk identitet.

Dei kristne har lang røynsle med å leve som minoritet blant muslimane. Opp igjennom historia har dei kristne levd med ein ”dhimmi”-status: Ein fekk utøve trua si, men var på mange måtar andreklasses borgarar som var avskorne frå politisk makt og sosial status, med mindre ein konverterte. I dag er dei fleste regima i Midtausten i prinsippet bygde på sekulære ideologiar, men det er ikkje klare skilje mellom religion og politikk. Til dømes går delar av skattane i Egypt til å finansiere bygginga av tusenar av moskear, mens den

⁷ Phillippe Fargues (1998) ”The Arab Christians of the Middle East: A Demographic Perspective” i Andrea Pacini, A (red.) (1998) *Christian Communities the challenge of the future*. Oxford: Clarendon Press

egyptiske staten sidan 1952 ikkje har gitt økonomisk støtte til bygging av ei einaste kyrkje. Fleire stader i Midtausten har ikkje kristne same rett til utdanning eller til høgare stillingar som muslimane har.

Det har òg vore og er framleis slik at konvertering frå islam til kristendom ikkje er tillette i dei fleste landa i Midtausten. Der konvertering frå islam til kristendom skjer, medfører det sosial ekskludering og i verste fall fare for livet. Eit ømtålig tema er blanda ekteskap. Muslimske kvinner kan ikkje gifte seg med kristne menn. I slike blanda ekteskap må mannen gå over til islam. Kristne kvinner kan gifte seg med muslimske menn utan å måtte konvertere, men borna deira vert registrerte som muslimar. Det er òg slik at arvelova ikkje gjev kvinna nokon rettar så lenge ho som kristen er gift med ein muslim. Blanda ekteskap kan medføre mange problem, mellom anna fordi den kristne kvenna ofte må tilpasse seg sin muslimske mann. Sjølv om dei kristne i Midtausten generelt er skeptiske til blanda ekteskap, vert slike ekteskap likevel av og til inngått. I Egypt reknar ein med at det er 15.000 konverteringar til islam årleg som følgje av slike blanda ekteskap.⁸

3.3 Å vere forbunde med Vesten og å bu i ei muslimsk verd

Opp igjennom historia har muslimar i det vesentlege respektert dei kristne som ein del av "boka sitt folk", og dei kristne har avhalde seg frå å drive misjon på ein måte som kan oppfattast som aggressiv. Denne situasjonen er no i endring. I den globale kampen mot terror og i "kampen mellom sivilisasjonar", vert religion framstilt som årsak til konflikt.

Denne påståtte sivilisasjonskampen⁹ vert framstilt som ein kamp mellom islam og Vesten, og dermed vert det fort forstått som ein kamp mellom islam og kristendom. Dette er misvisande. Fokuset på ein sivilisasjonskamp eller religiøst grunngjeve konflikt skjuler at dette gjeld konfliktar om tilgang til knappe ressursar, om sosiale og økonomiske forhold, om politiske rivaliserande grupper. Likevel er det fleire som hevdar at det er ein sivilisasjonskonflikt me er vitne til, og at det er den israelsk/palestinske konflikten som er sjølve kjernen i denne. Mange ser på måten Vesten har støtta Israel sitt militære engasjement og maktbruk overfor palestinarane på som eit overgrep, ikkje berre overfor palestinarane, men heile den muslimske verda. Med krigane i Irak og Afghanistan, der militante islamistiske terroristar kjempar mot dei internasjonale styrkane, er det råd å forstå at mange både i Midtausten og i Vesten no opplever situasjonen som eit angrep på islam og muslimar, og frå muslimar. Det er mange muslimar som lir under denne konflikten og under denne måten å forstå motsetningane og konfliktane i Midtausten på. Det vert unødig stigmatisering av alle muslimar og det vert ei underkjennung av mange muslimars sterke fredsvilje og engasjement for eit fredeleg samliv i regionen

⁸ Fargues 1998 s. 66

⁹ Ideen om ein sivilisasjonskonflikt mellom Vesten og islam har sitt utspring i ei artikkel frå Samuel P Huntington i 1993 som vart kalla "The Clash of Civilizations". Huntington skreiv blant anna at krigar der muslimar kjemper mot Vesten, stadig større gjensidig mistru mellom den vestlege og den muslimske verda og stadig aukande kløft mellom muslimar og kristne inne i mange land, ville prege det 21. hundreåret. Tesen til Huntington er svært omstridt og kontroversiell, samstundes er det mange som meiner at Huntington sitt perspektiv har ein viss relevans.

I vest tenkjer ein lett at kyrkjene er ”vestlege” med ”vestleg identitet”. I Midtausten vert det tydeleg at opphavleg var dei *ikkje* det, men sprang ut av det ein kan kalle ein orientalsk kultur. Mange kyrkjer – særleg dei ortodokse og orientalske kyrkjene – har framleis ein identitet som ikkje er ein del av den vestlege kulturen og politikken.

Dei kristne i Midtausten lir når det oppstår ein konflikt mellom Vesten og islam. Som den lutherske biskopen i Jordan og Det heilage landet, Munib Younan, uttrykker det¹⁰: ”Når Europa nyser, får me i Midtausten lungebetennelse”. Muhammedkarikaturar i Nord-Europa skaper større problem for dei kristne i Midtausten enn for oss som bur i Vesten. Kristne kyrkjeleiarar er sterkt skeptiske til vestleg politikk overfor Midtausten, og særleg til krigen i Irak.¹¹ Kampen mot terror og nye truslar mot Iran og Syria byggjer ikkje berre opp agitasjon mot Vesten i desse landa, det gjer også at dei kristne i Midtausten i aukande grad vert assosiert med den kristne George W. Bush og ”det kristne Vesten”.

Som kyrkje i Vesten treng vi òg å vere bevisste på kva for ei rolle vi har overfor kyrkjene i Midtausten. Nokre europeiske, konfesjonelle kyrkjer har vore ein del av kolonihistoria, og partnarkyrkjene kan i dag bli oppfatta som om ein går inn i slike mønstre på grunn av den store interessa for regionen utanfrå. Vi merkar oss kor viktig det er for dei kristne kyrkjene i Midtausten at kyrkjer i andre delar av verda forstår deira situasjon og den konteksten dei lever i. Sjølv om det er viktige behov våre medkristne har, er dei sjølvstendige partnarar som treng å bli møtt som det.

3.4 Forfylgde kristne

Situasjonen med tanke på vanskar for kristne i Midtausten er i ferd med å tilspisse seg fleire stader i kraft av politiske og religiøse endringar. Fleire stader ser vi at situasjonen vert vanskelegare for kristne, men årsakene er samansette og varierer fra land til land. Mykje er resultat av den tilspissa situasjonen mellom delar av Vesten og islamske land og grupper, der USA har gått i bresjen for ”kampen mot terror”. Kristne i Midtausten vert ei skyteskive når ein skal gjengelde slike handlingar i den muslimske verda.

I dagens Irak flyktar dei kristne frå krigen der på linje med mange muslimar. Det er også store spenningar mellom ulike muslimske grupper. Dei kristne opplever særskilte aksjonar fordi dei er kristne, noko som igjen må sjåast i lys av dei spenningane som oppstår som følge av mange oppfattar som vestleg invasjon og aggressjon. Kyrkjer vert sette i brann, kristne vert tvunge til å betale høge skattar som ikkje-muslimar, eller dei får valet om å omvende seg til islam eller bli drepne. Kristne kvinner vert truga med å gå med slør eller banka opp om dei ikkje gjer det, kristne vert kidnappa med krav om løysepengar, eller dei vert jaga heimanfrå. Den irakiske regjeringa har ikkje kontroll over situasjonen i områda der dei kristne bur, og har heller ikkje gjort noko vesentleg for å hjelpe dei.

I Egypt er ikkje situasjonen like akutt. Dei kristne vert sjeldan ope forfylgd, men dei merkar i aukande grad avvisning og delvis hat frå den muslimske majoriteten. Situasjonen for kyrkjeleiarar som profilerer seg med kritiske synspunkt på situasjonen, er

¹⁰ Sitert i Aftenposten 7. juni 2008

¹¹ Dette vert stadfesta av mange kyrkjelege delegasjonsreiser dei seinaste åra.

vorte verre i det siste. Samstundes har det òg vore blodige samanstøyt mellom koptarane og den egyptiske staten, i eit regime som undertrykkjer både dei kristne og den muslimske opposisjonen. I Jordan har det i den siste tida vore fleire døme på at ein slår ned på evangelikale kristne, og ein har utvist utanlandske misjonærar.

I Dei palestinske områda har kristne og muslimske palestinrarar levd godt saman i store periodar, og problema som ein del kristne har, uttrykkjer ikkje primært eit spenningsforhold mellom islam og kristen tru. Men i dei siste åra har vi høyrt fleire hendingar av kristne som vert trakasserte, og i verste fall drepte, på grunn av at dei tilhører ei kyrkje eller ei kristen gruppe, og vert mål for valdelege aksjonar og markeringar frå uregjerlege grupper. Men slike åtak skjer ikkje mindre mellom ulike muslimske grupper. Særleg i Gaza har situasjonen for kristne vorte verre dei siste åra. I oktober 2007 vart eigaren for bokhandelen til Bibelselskapet kidnappa og drepen. Det har òg vore bomber som har eksplodert utanfor kristne skular på Gaza. På Vestbreidda er det rapportert at fleire kristne kjenner seg truga av diskriminering. Dei palestinske kristne leiarane er bekymra for denne utviklinga, som dei jamleg tek opp med dei ansvarlege leiarane i ulike palestinske grupper. Til dette biletet må ein også legge til at den interne politiske konflikten mellom Fatah og Hamas spelar ei rolle også for dei kristne sin situasjon. Dei fleste kristne støttar nok partiet Fatah, og etter valet i 2006 då Hamas vann, men Fatah nekta å gje frå seg makta, har kristne vorte noko meir involverte i konflikten mellom dei to grupperingane.

Nokre grupperingar på begge sider av konflikten kan ha interesse av å framstille det kristen-muslimske forholdet som særleg vanskeleg. Vi veit at det i utgangspunktet ikkje er eit därleg forhold mellom kristne og muslimar i Dei palestinske områda. I Dei palestinske områda er det berre eit svært lite mindretal som kjenner seg forfylgd som kristne, og det er ikkje grunn til å framstille dette som eit hovudproblem i deira situasjon. Dei er ekstra sårbare for ugrunna påstandar frå kristne grupperingar i Vesten om at dei står i eit alvorleg motsetnadsfullt forhold til andre palestinrarar fordi dei er kristne. Det vert åtvare mot å blåse opp dette spørsmålet, då eit slikt fokus faktisk kan gjere det til eit problem for dei. Dei kristne sjølve ynskjer å vere ein del av den palestinske og arabiske identiteten, og dei ynskjer ikkje at religionen skal nyttast for å skape skilje mellom folk.

3.5 Kyrkjene si diakonale og politiske rolle som samfunnsinstitusjonar

Kyrkjene i området utgjer i dag også ein viktig ressurs for fleire enn dei som er kristne. Kyrkjene har utvikla sosiale tenester som kjem heile befolkninga til gode. Dei driv barne- og ungdomsskular, yrkesskular, sjukehus, klinikkar, senter for handikappa og ungdomsaktivitetar. Gjennom desse institusjonane bidrar dei kristne konstruktivt til å bygge og utvikle landa i Midtausten vidare, ikkje minst i det palestinske samfunnet.

Kirkens Nødhjelp og andre organisasjoner har lagt vekt på å støtte kyrkjelege diakonale tiltak, også som eit viktig bidrag til å stabilisere og utvikle samfunna i Midtausten.

Den norske regjeringa har også definert det som ei viktig politiske målsetjing å sikre kyrkjene sitt nærvær i regionen, fordi dei bidrar til stabilisering, dei har mange

menneskelege ressursar som er viktig for samfunnet, og dei er ei utsett minoritetsgruppe som treng vern og støtte.

3.6 Kyrkjene sitt liv og vitnemål

Det kan vere vanskeleg for kyrkjene i Midtausten å utføre sitt evangeliske oppdrag på alvor når misjonsverksemde ikkje er tillete eller sterkt avgrensa. Mange av kyrkjeleiarane legg vekt på at ein også har eit ansvar for å fortelje muslimane om evangeliet.

Samstundes ynskjer dei at det må skje ut ifrå deira kontekst og med dei føresetnader som ligg i deira kultur. Fleire av kyrkjelydane kan fortelje at det finst mange omvendte døypte muslimar i Midtausten, men at desse må leve i skjul for ikkje å få problem.

Det krev sensitivitet frå vår side når det gjeld kampen for religionsfridom i Midtausten. Landa i Midtausten med sine politiske styresmakter må sjølve ta skritt i retning av større respekt for menneskerettane og demokrati. Arbeidet med religionsdialog i Midtausten kan bidra til meir respekt for andre truande. Samstundes kan det i denne samanheng vere høve til å trekke frem arbeid her heime, til dømes dialogarbeidet mellom Mellomkyrkjeleg råd og Islamsk Råd Norge. Det vekte stor interesse då ein fortalte muslimske leiarar i Midtausten om fellesfråsegna om retten til konvertering frå 2007. Slik kan relasjonar mellom kristne og muslimar i Noreg verte eit døme til inspirasjon også andre stader i verda.

3.7 Kyrkja si rolle for fred

Dei kristne sitt nærvær i Midtausten så vel som deira bodskap i ord og handling gjev vesentlege bidrag til fred og forsoning, sjølv om kristne grupperingar i ein del tilfelle har vorte partar i konfliktar (slik som i Libanon). Dei kristne er på fleire vis brubyggjarar mellom aust og vest. Dei har ei idéhistorisk plassering mellom jødedom og islam, og som vitne for Kristus kan dei tale om forsoning og håp der uro og krig rår. Med sine internasjonale kontaktar bringer dei også med seg innverknad frå så vel vestleg som austleg kristendom, kultur og politikk til Midtausten.

Særleg i Israel og Dei palestinske områda representerer kyrkjene klare haldningar til fred og rettferd. Det er derfor eit viktig politisk mål med tanke på fred og forsoning at det kristne nærværet ikkje må svekkast. Dei bidrar her til å skape eit større bilet av det palestinske folket sin identitet og kamp for rettferd, og dei gjev eit viktig bidrag til dialogen mellom religiøse leiarar. Dei kristne utgjer ei talmessig lita gruppe som ikkje utgjer nokon trussel verken politisk eller demografisk, verken for jødar eller muslimar.

Den norske kyrkja gjennom Mellomkyrkjeleg råd har særleg arbeidd for å styrke dei kristne kyrkjene si rolle i fredsarbeidet og deira innsats for religionsdialog og interreligiøst samarbeid. Det mest kjende døme på slikt arbeid er det nye interreligiøse rådet av religiøse leiarar i Det heilage landet ("The Council of Religious Institutions of the Holy Land"), skipa i 2008 etter lang førebuing med assistanse av prost Trond Bakkevig. Det samlar religiøse leiarar frå både muslimsk, jødisk og kristent hold. Dette arbeidet har norske styresmakter sett som viktig, og har støtta det med vesentlege økonomiske bidrag. Dei reglane som vart vedtekne for fredeleg sameksistens på den

norsk-støtta konferansen i Amman, Jordan, i 2007, legg òg eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet. Desse vart utarbeidde av leiande kristne og muslimar i Midtausten.¹²

3.8 Dei kristne i staten Israel

Israel er eit land med religiøs fridom generelt, men samstundes opplever dei kristne nokre særskilde problem. Ikkje berre er dei ein talmessig minoritet i Israel, dei er også ein minoritet innanfor den arabiske, muslimske befolkninga i landet. I Israel vert dei kristne primært sett på som arabarar, og som slike vert dei utsette for den diskrimineringa også arabiske muslimar vert utsette for i landet.¹³ Til dømes er dei som ikkje-jødar forhindra frå å leige eller eige land frå Det jødiske nasjonalfondet. Dei får òg berre 2 % av budsjettet til Departementet for religiøse forhold, til tross for at dei saman med muslimar og drusarar utgjer 19 % av befolkninga. I motsetnad til jødane får dei ikkje pengar frå staten til å verne og bevare heilage kristne plassar. Dei messianske jødane i Israel har også sine spesielle utfordringar med tanke på religionsfridom og jamstelling.

4. Vårt ansvar for kyrkjene sin situasjonen i Det heilage landet

Den historia og den situasjonen som er omtalt ovanfor er også ei historie vi som kyrje i Noreg har del i. Difor må vi også drøfte vårt ansvar her. I over 2000 år har kyrja i verda sin lagnad vore bunden til utviklinga i Midtausten. Urkyrja vart etablert i jødiske samfunn, og dei kristne ber med seg den arven dei har saman med jødar i heilage skrifter. Relasjonane mellom jødar og kristne har alltid vore komplekse, både fordi ein har hatt ulik forståing av skriftene, men også fordi vekslande politiske tilhøve har spelt dei to gruppene ut mot kvarandre.

I tidleg mellomalder vart kristendomen utfordra av islamsk ekspansjon, noko som i høgmellomalderen vart ei av drivkraftene bak korstoga. Korstoga vart til slutt mislukka, men etterlet seg eit inntrykk hos muslimane av kristendomen som ei erobringsmakt. I det osmanske riket si tid gjorde kristne stormakter krav på å beskytte dei kristne i Midtausten, og da dette muslimske riket fall saman på 18-1900-talet, kom ei tid då kristne stormakter tevla om innverknad og ressursar i området. No kom òg ei bølgje av vestleg misjonsverksemnd. Dei protestantiske kyrkjene, som Noreg har særlege band til, er frukter av denne verksemnda. Etter 1. verdskriga etablerte ein europeisk mandatstyre som vart avløyst av sjølvstendige nasjonalstatar. Enkelte stader vart nasjonalt medvit no kopla saman med auka religiøs identitet, noko som la kimar til forsterka religionsmotsetnader. Etter 2. verdskriga førte etableringa av staten Israel til konfliktar som enno ikkje har funne nokon løysing, og i våre dagar kastar vestleg engasjement til dømes i Afghanistan og Irak, skuggar over heile regionen. Som kyrje må vi ta inn over oss korleis vi har vorte, og framleis vert, assosiert med vestlege ønskjer om innverknad og kontroll i Midtausten. Heller ikkje kyrja i Noreg kan fristille seg frå denne historia.

¹² Sjå Vedlegg 2 ”Ropet fra Amman”

¹³ Miti Raheb (2004: 326) ”Genom stormigt hav – den palestinska kristna gemenskapen” i Gøran Gunnar (2004) (red.) *I skuggan av ockupationen – palestinsk kamp för nationelle rättigheter*. Stockholm: Atlas

Som kyrkje har vi eit ansvar for å byggje ned unødvendige motsetnader mellom den muslimske verda og kristne kyrkjer generelt. Vi har ansvar for å oppstre slik at ikkje våre systerkyrkjer i Midtausten får det endå vanskelegare fordi dei vert assosierte med Vesten (i særleg grad USA) sin politikk. Det er viktig å spørje korleis vi som kyrkje kan bidra mest konstruktivt til at den vanskelege politiske og militære situasjonen utviklar seg i positiv retning både for kristne, jødar og muslimar. Dette er eit moralsk og politisk ansvar, der kyrkja kan gje innspel til ei forståing av kva som må til for å etablere ein rettferdig, bærekraftig fred.

Kyrkja ber òg med seg ei skamfull historie om korleis kristne har fordømt og plaga jødane, og kristne har eit stort ansvar for å ha gjeve grobotn for – og endå til fremja – antisemittismen. Ut over i mellomalderen vaks jødehatet i Europa, og det nådde ein førebels topp i pogromane mot slutten av 1800-talet i Russland og Aust-Europa.

Samstundes vaks den moderne sionismen fram med draumen om å vende heim til det lova landet og å sleppe unna forfølgingane. Den moderne sionismen var i utgangspunktet ei politisk rørsle for å etablere ein sekulær stat for jødane i Midtausten, men fekk også mange religiøse dimensjonar.

I mellomkrigstida auka rasismen og jødehatet i Europa, godt hjelpt fram av nazistane, og dette forsterka behovet for ein eigen trygg stat for jødane. Mange jødar opplevde at andre land, også Noreg, ikkje ynskte dei velkomne trass i redslene dei opplevde under Hitler. Etter Holocaust bar mange, både blant taparane og sigerherrane, på ei skuldkjensle for sviket mot jødane, og tida var overmoden for å innfri løftet britane hadde gjeve i 1917 om ein eigen stat som skulle gje jødar ein tryggare heim. Etter eit FN-vedtak vart staten Israel oppretta i 1948. Det låg som ei føresetnad alt frå Balfour-erklæringa at det skulle takast omsyn til dei andre folkegruppene i området. Med det har gått 60 smertefulle år med krig og konfliktar utan at ein har funne ei løysing på dette.

I forhold til dagens problematikk for ein del kyrkjer i Midtausten må vi altså som kyrkje i Vesten sjå på vårt ansvar med tanke på følgjande tre forhold: Forfylgingane av jødane førte til ein katastrofe som vi er medansvarlege for. Dinest første løysinga det internasjonale samfunnet valde for å gje jødar ny tryggleik ved å etablere staten Israel til ei katastrofe for det palestinske folket. For det tredje kan eventuelle teologiske grunnar som vert gjevne for at denne situasjonen er etter Guds vilje, skape store nye problem for dei.

Som kyrkje må vi spørje om sympatiene med jødane har skugga for lidingane til andre folkegrupper. Gjer skuldkjensla at vi framleis har større forståing for jødane sin rettvise kamp for tryggleik, enn for dei mange palestiniane som er fordrivne frå sine heimstader? Mange av Den norske kyrkja sine medlemmer har vist stor omsorg for at det jødiske folket skulle finne trygge rammer for sitt liv. I møte med palestinske kristne vert det tydeleg at vi òg må utvikle vår forståing for og innleving i det palestinske folket sin lagnad. Dei ulike grupper i kyrkja i Noreg bør söke saman for å arbeide og be om ei fredeleg, rettferdig, bærekraftig og tillitsskapande ordning for alle partar i Israel/Palestina-konflikten. Markeringane av 60 år etter 1948 av opprettinga av staten

Israel og av Al-Nakba – fordrivinga av palestinske menneske frå hus og heimar – kallar på nytenking og nytt engasjement frå alle som vil dei ulike partane vel.

Ei anna utfordring er i utgangspunktet indrekirkjeleg: Korleis skal vi komme til rette med ei kristen forståing av omgrep som 'det lova landet'? Vi må halde fram med teologisk arbeid, både i norsk kontekst og i internasjonale økumeniske fora, om desse spørsmåla. Norges Kristne Råd gav 2006 ut eit samtaledokument 'Israel og Palestina – En økumenisk utfordring'. Israelsmisjonens teologiske utval har gått gjennom fleire av desse problemstillingane og konkluderte mellom anna med at det ikkje er ei eksplisitt stadfesting av landlovnadene i Det gamle testamente i Det nye testamente. Andre organisasjonar og teologiske miljø har gjort mykje godt arbeid på dette feltet, og vi bør stimulere til samtaler på alle nivå i kyrkja, og ikkje minst i kyrkjelydane.

Som kyrkje har vi eit ansvar for korleis skrifttolkingane våre kan brukast for å legitimere politiske vedtak og/eller for å støtte einskilde grupperingar i konflikten i Israel/Palestina. Generell kritikk av jødar i kristen forkynning kan legitimere jødehat. Utsegner om at landlovnader i Det gamle testamentet gjeld i dag kan nyttast til å grunngje okkupasjon og annexering av landområde. Under alle omstende har kyrkja kall til å vise kristen omsorg for begge gruppene. Dessutan har kyrkja ei oppgåve i å bearbeide fortida slik at ein kan bidra til å byggje ei framtid med respekt for menneskerettane for alle.

Vi har òg eit ansvar overfor opinionen og politiske grupperingar i Noreg for å tale rett og sant om samanhengane mellom teologi og politikk. Dette vart drøfta på ein konferanse som Kirkenes Verdensråd arrangerte i september 2008 i Sveits, der både palestinske teologar og europeiske teologar som er aktive i den jøde-kristne dialogen deltok. Der vart ein av konklusjonane at vår teologi i dag må forholde seg til to katastrofar. Dette er ein kritikk mot teologisk grunngjeving av så vel anti-semittisme som einsidig kristen-sionisme.

5. Norsk kirkjeleg innsats i Midtausten

Den norske kyrkja må ta på alvor dei utfordringane det økumeniske samarbeidet mellom kyrkjene og med kyrkjene i regionen inneber. Det er viktig at deira relasjonar til kyrkjer i andre delar av verda vert utvikla som likeverdige relasjonar, utan kolonialiserande tendensar, og utan at det vert drive aktivitet som skadar dei kristne som bur i regionen frå før. Kirkjeleg arbeid der må difor skje på dei premissane kyrkjene i Midtausten sjølve finn tenlege, og med vedvarande og truverdig samarbeid mellom økumeniske organisasjonar og partnarkyrkjene.

Ei rekke ulike norske kirkjelege aktørar har allereie eit arbeid i og for Midtausten. Dei ulike aktørane bidrar på ulike måtar, men fokuset er i hovudsak retta mot freds- og forsoningsarbeid og diakonalt arbeid. Det er eit arbeid som i stor grad er økumenisk, og som vitnar om at ein som kyrkjer står saman i møte med utfordringane i regionen, ikkje minst i forhold til den akutte krisa i Israel/Palestina.

Mellomkyrkjeleg råd har hatt eit arbeidd for Midtausten i lang tid, og har sin eigen Midtaustenstrategi som styringsdokument for arbeidet i heile regionen, men med særskilt fokus på Israel/Palestina. MKR er ein partnar for Den lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL) innanfor deira årlege rundebordskonferanse (COCOP), og Borg bispedømme har også ein vennskapsavtale med denne kyrkja. Tunsberg bispedømme har ein slik avtale med den koptiske kyrkja i Egypt. På denne måten har vi gode og sterke personlege kontaktar. Fleire bispedømme bør vurdere om dei skal ha kontaktar med kyrkjer i regionen.

Gjennom Det lutherske verds forbundet (LVF) har Den norske kyrkja vore engasjert i støtte til kyrkja. Heilt sidan opprettinga har LVF hatt eit engasjement for humanitært arbeid og forsvar av menneskerettar og arbeid for rettferd ("advocacy") i Dei palestinske områda. Det har vore knytt til den lokale lutherske kyrkja, men også hatt eit visst sjølvstendig preg. I dag er det svært nært samarbeid med ELCJHL frå LVF si side, og det vert lagt stor vekt på å løfte fram situasjonen til dei kristne gjennom LVF sitt engasjement. Det har vore gjort mykje arbeid i KV, LVF og i vår eiga kyrkja, mellom anna gjennom Mellomkyrkjeleg råd, for å etablere gode og tillitsfulle relasjonar til jødar og jødiske miljø, og for å samarbeide om menneskerettar og religionsfridom.

Stiftelsen Oljeberget vart oppretta i 2000 for å vere ein kanal for støtte til og lobbyarbeid for LVF sitt sjukehus på Oljeberget i Jerusalem, Augusta Victoria Hospital. Dette arbeidet vert utført i eit samarbeid med Kirkens Nødhjelp, Kirkens Bymisjon, Betanien Bergen, Norges KFUK/KFUM og Norges Kristne Råd. Det har vore overført betydelege beløp frå norske styresmakter for å sikre sjukehuset sin finansielle basis, eigedom og bygningsmasse, medisinske utvikling og høve til å betene den palestinske befolkninga under svært vanskelege forhold. Gjennom denne stiftelsen vert det også arbeidd saman med tyske og nordiske kyrkjer for å utvikle eigedommen slik at den kan gje kristne familiar i Aust-Jerusalem bustadar i ein svært vanskeleg bustadmarknad, og dermed dempe behovet for å emigrere.

Eit godt økumenisk tiltak mellom kyrkjene i regionen er samarbeidet om den kristne TV-stasjonen Sat-7, som også får betydeleg støtte frå NMS og andre partnarar i Noreg. Eit anna viktig økumenisk tiltak er Kirkenes Verdensråd sitt ledsagarprogram EAPPI (Ecumenical Accompaniment Programme in Palestine and Israel), som i Noreg er støtta av Kirkens Nødhjelp, KFUK-KFUM Global, Mellomkyrkjeleg råd og Norges Kristne Råd. Gjennom dette effektive solidaritetsprogrammet har mange reist ned til området og vorte kjent med forholda der. Dei har formidla sine erfaringar heim til Noreg om korleis den vanlege palestinare og israelar har det, og har slik sett vore viktige kjelder til informasjon for Den norske kyrkja sitt arbeid. Programmet opnar no for at kyrkjeleriarar, politikarar og andre i opinionsdannande roller kan reise ned som ledsagarar for ein kortare periode.

Kirkenes Verdensråd oppretta på fredskonferansen "Churches together for Peace and Justice in the Middle East" i juni 2007 i Amman eit økumenisk fredsforum – Palestine/Israel Ecumenical Forum (PIEF). Med dette forumet vil KV på det internasjonale kyrkjefellesskapet sine vegne vere talmann for dei kristne kyrkjene i

Israel og Dei palestinske områda, bidra til å styrke deira rolle i befolkninga og vere brubyggjar for ein rettferdig fred i den vanskelege konflikten. Ved at generalsekretær i MKR, Olav Fykse Tveit, leier ei styringsgruppe for dette forumet, vil Den norske kyrkja sitte tett på det som vert gjort i regi av KV for å støtte dei kristne kyrkjene, sikre dei kristne sitt fortsatte nærvær i regionen og å styrke kyrkjene sitt samla engasjement ei rettferdig og fredeleg løysing på konflikten. Resolusjonen frå konferansen i Amman, som stadfestar kyrkjene si rolle i å arbeide for fred med rettferd, er oversett til norsk og gjort kjend for norske kyrkjelydar.¹⁴

Ein rekke norske kyrjelege aktørar har eit arbeid i regionen. Kirkens Nødhjelp arbeider i Dei palestinske områda, Israel, Libanon, Egypt og Irak. I Dei palestinske områda er hovudfokus på å støtte opp om dei palestinske kyrkjene sitt arbeid, primært innafor skule og helse. I tillegg er det fokus på fred- og forsoningsarbeid, kjønnsbasert vold og naudhjelpsarbeid. Middle East Council of Churches (MECC) er sentral i dette arbeidet saman med ELCJHL, LVF, Den anglikanske kyrkja og Den koptiske kyrkja. I Israel samarbeider Kirkens Nødhjelp med israelske fredsorganisasjonar. Kirkens Nødhjelp har eit stort program i Irak med fokus på vatn, kjønnsbasert vold og psykososialt arbeid for barn og unge.

Den norske Israelsmisjon har hatt eit langvarig engasjement for misjon for jødar og arbeid bland kristne (messianske) jødar, med kyrkjelydsretta arbeid og Caspari studiesenter i Jerusalem. Det har vore eit samarbeid med Det lutherske verds forbundet med tanke på bruk av kyrkjebrygg i Israel. Det har også vore nokre tiltak for å bygge kontaktar mellom ulike kristne grupper i Israel og dei palestinske områda.

Norges Kristne Råd har etablert eit sterkt økumenisk engasjement for solidaritet med dei kristne i Israel/Palestina. Det har skjedd gjennom fleire delegasjonsreiser, kontaktar og formidling av kunnskap. Det har også vore gjort eit teologisk arbeid om årsakene til konflikten. Norsk Misjon i Øst (NMØ) har særleg engasjert seg i dei kristne sin situasjon i land med sterkt muslimsk preg, og i forhold til kristne flyktningar i regionen – særleg frå Irak. På ulike måtar har NMØ tatt opp spørsmål som gjeld religionsfridom og menneskerettar. Andre – som Bibelskapet og Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja – har drive kyrkjebryggjande arbeid og etablert kontaktar mellom israelske og palestinske kristne. KFUK/M har drive eit omfattande solidaritetsarbeid, ofte i samarbeid med sine systerorganisasjonar der.

6. Prioriteringar for Den norske kyrkja sitt vidare arbeid i Midtausten

Det er dei kristne sin situasjon og deira vitnemål til oss som må danne utgangspunkt for kva vi som kyrkje i nord skal kunne gjere for dei. Det er viktig å understreke at dei kristne i Midtausten har ein status som ei gruppe som har vore der i uminnelege tider og såleis ikkje er ei ny gruppe i høve til dei andre. Dei kristne ynskjer først og fremst å fortsette å vere kyrkje der dei bur. Dei ynskjer å bli sett av oss, og dei treng forbøn, støtte og solidaritet i ei vanskeleg tid. Vår utfordring vert då å finne vegar og måtar å vandre

¹⁴ Sjå Vedlegg 2 ”Ropet fra Amman”

saman med dei på slik at dei kan bli ein enda betre kyrkje for menneska dei lever saman med. Dette handlar om å støtte dei som kyrkjer, gje dei hjelp til å fylle si rolle i samfunnet gjennom skulearbeid, helsearbeid og liknande, men ikkje minst det daglege, kyrkjelege arbeidet med gudstenester, trusopplæring, diaconi. Lista nedanfor er eit forslag til prioriteringane i arbeidet framover.

6.1 Økumenisk arbeid

a. Internasjonalt

1. Fortsette å gje åndeleg, moralsk og økonomisk støtte til vår systerkyrkje The Evangelical-Lutheran Church in Jordan and the Holy Land (ELCJHL). Det gjeld å styrke deira kyrkjelege arbeid lokalt og skolearbeidet. Dette kan skje i samarbeid med Kirkens Nødhjelp og andre samarbeidande kyrkjer og organisasjoner i andre land.
2. Støtte opp under og delta i KV sitt økumeniske forum for Israel/Palestina (PIEF) og KV sitt ledsagarprogram for Israel/Palestina (EAPPI).
3. Bidra til LVF sitt arbeid med å sikre den kristne minoriteten i Jerusalem bustadar.
4. Fremje betre kontakt med dei opphavlege ortodokse kyrkjene i regionen, som ut ifrå sin konfesjon tradisjonelt har hatt ein avstand til dei protestantiske kyrkjene.
5. Utvide og utvikle kontakten med Middle East Council of Churches (MECC).

b. I Noreg

1. Aktivt samarbeide med Kirkens Nødhjelp, Israelsmisjonen, Norsk Misjon i Øst, Sabeels Venner i Norge og andre kyrkjelege aktørar i Noreg om å vise solidaritet med dei kristne i regionen.
2. Arbeide saman med Israelsmisjonen om å få betre kontakt med dei messianske jødane, som ein markering av at dei høyrer med til det større kristne fellesskapet.

6.2 Arbeid i Den norske kyrkja sine kyrkjelydar

1. Gi årlege offer til vår lutherske systerkyrkje i Jordan og Det heilage landet og gje gåver til kyrkjelydar og kristne organisasjoner som arbeider for å styrke kyrkjene i Midtausten.
2. Be regelmessig for kyrkjene og dei kristne i Midtausten.
3. Markere og delta i den årlege solidaritetsveka for Israel og Palestina i regi av Kirkenes Verdensråd.
4. Arrangere kyrkjelege delegasjonsreiser til fleire av landa i Midtausten.
5. Utvikle og styrke kontakten med dei lokale kyrkjelydane gjennom bispedømma sine kontaktar.
6. Bruke ulike høve til å skaffe norsk kyrkjeleg offentlegheit meir kjennskap til og forståing for dei kristne sin situasjon, særleg i Det heilage landet.
7. Bidra til ei breiare kyrkjeleg forståing av dei etiske og teologiske problemstillingar som vert reiste i møte med den aktuelle konflikten i Det heilage landet.
8. Legge til rette for profilerte kyrkjelege besøk til Noreg.
9. Arbeide for at norske kristne vert kjent med kyrkjelivet i regionen:

- Samarbeide med reiseselskapa om å legge til rette for kristne feriereiser til regionen, og for at dei som reisar nedover, kjem i kontakt med palestinske kristne
- Jobbe for at fleire kristne bur på palestinske gjestehus og hotell når dei reiser på pilegrimsreise til Jerusalem og Betlehem. Jerusalem Inter Church Centre kan også brukast her
- Gjere brosjyren ”Kristne gjestehus i Midtausten” betre kjent.

6.3 Arbeid overfor norske styresmakter

1. Arbeide for brei støtte i det norske politiske miljøet for å få slutt på okkupasjonen og å sikre ein rettferdig fred for både israelarar og palestinrarar.
2. Få norske styresmakter til å bidra til å sikre det framtidige nærværet for kyrkjene i Midtausten og dei kristne som lever i ein vanskeleg og utsett minoritetssituasjon.
3. Fortsette å samarbeide med norsk UD og ELCJHL for å gjere situasjonen under okkupasjonen lettare for kristne palestinrarar og støtte utviklinga av eigedommen LVF disponerer på Oljeberget gjennom Stiftelsen Oljeberget.
4. Fremje retten til religionsfridom i Midtausten, ikkje minst i forhold til ein framtidig palestinsk stat.
5. Oppfordre norske byar og kommunar til å etablere vennskapsrelasjonar til byar og landsbyar i Midtausten.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Arbeidet med å følgje opp vårt ansvar som kyrkje i høve til kyrkjene i Midtausten krev arbeid og økonomiske midlar i Mellomkyrkjeleg råds sekretariat. Det er viktig at det vert sett av midlar til dette.

Dette kan stort sett dekkjast av dei driftsbudsjettein har i dag, men det er vesentleg at det også vert sett av midlar til reiser for kyrkjemedlemmer begge vegar.

Kirkens Nødhjelp og andre organisasjonar yter viktige økonomiske bidrag. Norsk UD er ein vesentleg bidragsytar til fleire av prosjekta. Det er også andre samarbeidande organisasjonar som Israelsmisjonen, Norsk Misjon i Øst og Det norske misjonsselskap.